



Tormod lastar inn ved Grano

Innsamlingsrunden med 4 stoppestader i Kvinnherad i dag gav som resultat 570 sekkar med klede, sko, sengklede og anna som skal sendast til eit Ukraina prega av iskald vinter. Uskedelingen Tormod Myklebust køyrer nedover 2. mars og kjem att 10 dagar seinare.

Semitrailaren rommar 1200 sekkar og det som ikkje vart fylt i Kvinnherad i dag blir det frå mellomlageret til stiftinga THK i Haugesund.

Det er THK som står bak i hjelpeopplegget for Ukraina og

som i hovudsak går til byen Korosten der ein bibelskule er krumtapp i formidlinga av hjelpa vidare utover det store landet. Tormod kjem også til å ha returlast - vindaug frå ein produsent midtvegs mellom Gdansk og Warszawa i Polen.

Innsamlingsresultatet i Kvinnherad vart fordelt med 150 sekker på Rosendal, 211 på Uskedalen, 155 på Husnes og 54 på Halsnøy. Dette betyr at halve semitrailaren var fylt og Tormod seier seg godt fornøgd med interessa. men antar at det blir supplert frå Odde eller Skånevik framfor neste tur.

Han har registrert berre positive kommentarer om hjelpesendingane også i dag og synest dette er eit givande oppdrag, som han no gjennomfører for sjette gongen, Han gjer med dette ein stor humanitær innsats.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Semitrailaren set kursen mot neste stopp, som er Husnes